



2021 - 2024

EIDFJORD KOMMUNE

RULLERING AV  
HANDLINGSPLAN FOR  
KOMMUNEDLPLAN FOR  
IDRETT, FYSISK AKTIVITET  
OG FRILUFTSLIV

Vedteken Eidfjord kommunestyre 15.11.2021

21/084 - 21/10189 - Rullering av handlingsplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2021 - 2024

## Innhold

1. Bakgrunn.....	3
1.1 Føremål med planen .....	3
2. Generelle føresegn .....	3
2.1 Kven kan søkja .....	3
2.2 Krav til søkaden .....	4
2.3 Korleis søkja.....	4
2.4 Fristar for søknadsåret .....	4
2.5 Kunngjering .....	5
2.6 Søknadsfrist .....	5
3. Føresegn for ordinære anlegg .....	5
3.1 Definisjon av ordinære anlegg.....	5
3.2 Ikkje rett til tilskot .....	5
4. Føresegn om nærmiljøanlegg.....	6
4.1 Definisjon av nærmiljøanlegg.....	6
4.2 Ikkje rett til tilskot .....	6
4.3 Tilskotsbeløp og beløpsgrense .....	6
4.4 Nærmiljøanlegg i kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet.....	6
5. Handlingsplan for anlegg og område idrett og friluftsliv 2017 – 2020.....	7
5.1 Merknadar til handlingsplan .....	7
6. Handlingsplan for fysisk aktivitet 2017-2020 og 2019-2022 .....	8
6.1 Langsiktige behov for idrettsanlegg og friluftsområder 2019 - 2022.....	8
7 Resultatvurdering av førre handlingsplan .....	9
7.1 Handlingsplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv 2017 – 2020.....	9
7.1.1 Nybygg idrettshall.....	9
7.1.2 Rehabilitering av idrettsbanen .....	9
7.1.3 Miniatyrskyttebane.....	9
7.1.4Turkart «Ut på tur i Eodfjord».....	9
7.1.5 Toalettanlegg i Simadal .....	9
7.1.6 Sentrumsplan/aktivitet.....	9
7.1.7 Kunstgrasbane.....	10
7.2 Handlingsplan for fysisk aktivitet 2017-2020 og 2019-2022 .....	10
7.2.1 Trening for eldre i styrkerommet .....	10
7.2.2 Trening for ungdom i styrkerommet .....	10
7.2.3 Inngå partnerskap med frivillige organisasjonar .....	10
7.2.4 Gågruppe for alle på dagtid/kveldstid.....	10

7.2.5 Merka turløyper .....	10
7.2.5 Arrangere stølstarar .....	10
7.3 Langsiktige behov for idrettsanlegg og friluftsområder 2019 - 2022.....	10
7.3.1 Motorcross sommar/vinter .....	10
7.3.2 Nytt skitrek/bmx/sykkelløype i kombinasjon på Maurset .....	11
7.3.3 Aktivitetspark .....	11
7.3.4 Ballbinge v, tidlegare Hereid barnehage .....	11
7.3.5 Renovering av ballbinge v. Lægreid skule .....	11
7.3.6 Dagsturhytte.....	11
7.3.7 Kunstgrasbane.....	11
7.3.8 Løpedekke rundt grasbane.....	11
7.3.9 Lysanlegg ved grasbane.....	12
7.3.10 Langrennsarena på Høl.....	12
7.3.11 Friplassen.....	12
8. Nye innspel til Handlingsplan for idrett og friluftsliv 2021 – 2024.....	13
9.1 Merknadar til nye unnspeil til handlingsplan 2021 – 2024 .....	13
10. Nye innspel til handlingsplan for fysisk aktivitet 2021 – 2024 .....	13

## 1. Bakgrunn

Det er eit krav frå kulturdepartementet om at alle kommunane må ha ein kommunal plan som grunnlag for tildeling av spelemidler til idrett,- nærmiljø- og friluftsanlegg.

Eidfjord kommune utarbeidde plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv som ein kommunedelplan, i henhold til plan og bygningslova §11-1. Kommunedelplanen er eit politisk dokument som skal vera eit styringsreiskap for å nå kommunen sitt mål innanfor området. Heile planen skal vurderast revidert kvart 4. år.

Kommunedelplanen fylgjer eit handlingsprogram med tiltak for gjennomføring av planen sine målsetjingar. Handlingsprogrammet kan rullerast årleg ved behov.

Eidfjord kommune reviderte heile planen med handlingsdel i 2017, denne planen er no forlenga til 2024.

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er utan juridisk bindande verknad når det gjeld disponering av arealet. Areal til anlegg må difor handsamast i kommuneplanens arealdel.

Planen er utarbeida i eit samarbeid mellom kulturkontoret, Eidfjord Idrettslag (EIL) samt andre lag og organisasjonar.

### 1.1 Føremål med planen

Intensjonen med kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er å synleggjera trong for bygging og rehabilitering av idretts-, nærmiljø,- og friluftsanlegg. I tillegg skal den samordna kommunen sin strategi og innsats for å tilretteleggje for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Punkt 2 t.o.m. 4 i handlingsplanen er henta frå «Bestemmelser om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet- 2018(V-00732B). Utdraget er ikkje utømmende, for meir informasjon finn du heftet her:

<https://bit.ly/2oOoPW8>

## 2. Generelle føresegner

### 2.1 Kven kan søkja

Søkjarar om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet kan vera:

- a) kommunar/fylkeskommunar, samt kommunale/fylkeskommunale føretak
- b) idrettslag/organisasjonsledd i NIF
- c) idrettslag organisert under Samenes Idrettsforbund-Norge (Sámiid Valáštallanlihttu-Norga/SVL-N)
- d) Studentsamskipnader
- e) samanslutningar organisert under Norges Jeger- og Fiskerforbund, Den Norske Turistforeining, Norges Bilsportforbund og Det Frivillige Skyttervesen

Følgande samanslutningar må søke departementet omførehandsgodkjenning av sine for å kunne søke om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet:

- f) aksjeselskap/allmenn aksjeselskaper
- g) stiftingar
- h) samvirkeføretak
- i) andre samanslutningar

Følgande samanslutningar kan søke om tilskot til særlege anlegg:

- j) samanslutningar organisert under Friluftsrådene Landsforbund, og Norsk Friluftsliv kan søke om tilskot til friluftslivsanlegg slik disse er definert i pkt. 2.6.5, og til nærmiljøanlegg, jf. kap. 3.
- k) Samisk Reinkappkjørerforbund (Sámi Heargevuodjin-lihttu), og samanslutningar organisert under forbundet, kan søke om tilskot til anlegg for reinkappkjøring og lassokasting, jf.pkt. 2.6.4.
- l) samanslutningar organisert under Norsk Kennel Klubb kan søke om tilskot til anlegg for hundesport, jf. pkt. 2.6.4.

## 2.2 Krav til søkaden

Det er eit grunnleggjande prinsipp at tilskot i form av spelemidlar ikkje skal vera grunnlag for fortenebasert eigeform. Av den grunn må fylgjande krav vera oppfylt for å få tilskot:

- Kommunar, kommunale føretak, idrettslag/organisasjonsledd i Noregs Idrettsforbund og/eller øvrige søkjarar som nemnd under bokstav c-k i «Bestemmelser om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet», skal inneha kontroll med eigeforhold til, og drift av anlegget.
- Det skal ikkje føregå økonomiske utdelingar (utbytte etc.) til eigarane. Eit eventuell overskot skal tilfalla idrettslege føremål med anlegget.
- Ved oppløysing/avvikling skal formuen tilfalla idrettslege føremål. Søkjarar om tilskot må vera regisstrer i Einheitsregisteret og vera tildelt eit organisasjonsnummer.

## 2.3 Korleis søkja

Søknadsskjema finnes på [www.anleggsregisteret.no](http://www.anleggsregisteret.no). Når søknaden er fullstendig utfylt inkludert vedlegg, sendast søknaden til den kommunen som anlegget ligger i. Søknadsskjemaet skal sendast elektronisk, og blir automatisk levert til rett kommune. Enkelte søknader om godkjenning og alle søknader om dispensasjon skal sendes tildepartementet. Se føresegn i kap. 1.2 «Bestemmelser om tilskudd for idrett og fysisk aktivitet 2019»

## 2.4 Fristar for søknadsåret

Søknadsåret er definert som den perioden søknader kan sendes inn til dei skal vera slutthandsama, dvs. normalt frå 15. juni d.å. til 15. juli neste år.

## 2.5 Kunngjering

Departementet kunngjer adgang til å søkje om tilskot av spelemidlane til idrettsanlegg i kommunen normalt 15. juni kvart år.

## 2.6 Søknadsfrist

Kommunen fastsetter søknadsfrist for sin kommune. Søkjar har ansvar for at fristen vert overheldt. For seint innkomne søknader vert ikkje godkjent. Meir informasjon finn ein på Eidfjord kommune sine heimesider.

# 3. Føresegn for ordinære anlegg

## 3.1 Definisjon av ordinære anlegg

Med ordinære anlegg meiner ein anlegg for organisert idrett og fysisk aktivitet samt eigenorganisert fysisk aktivitet.

Det kan søkjast om tilskot til bygging og/eller rehabilitering av idrettsanlegg som er opne for idrett og fysisk aktivitet for alle, og som ikkje er underlagt fortenebasert eigeform.

Tilskot er knytt direkte opp mot aktivitetsareal med naudsynte tilleggselement t.d. garderobar, lys m.m.

## 3.2 Ikkje rett til tilskot

Det vert ikkje gitt tilskot basert på verdien av rabattar og gåver.

Andre døme på utlegg som det ikkje vert gitt tilskot til er:

- Leige
- Erverv av grunn
- Publikumsribunar
- Vegar og parkeringsplassar
- Tilknytingsavgift
- Finansieringskostandar med unntak på renter på byggelån i byggeperioden, dvs. inntil ferdigstilling av anlegget
- Flytting av høgspenledningar(kablar)
- Eigedomsgrjerder
- Reguleringsarbeid.

## 4. Føresegn om nærmiljøanlegg

### 4.1 Definisjon av nærmiljøanlegg

Med nærmiljøanlegg meiner ein utandørs anlegg for eigenorganisert, fysisk aktivitet som er knytt til bu-og/eller aktivitetsområder.

Nærmiljøanlegg skal vera fritt, allment tilgjengeleg for eigenorganisert, fysisk aktivitet, fyrst og fremst for born og ungdom (6-19 år), men òg for lokalfolket for øvrig.

Nærmiljøanlegget kan unntaksvis brukast til organisert, idrettsleg aktivitet, men eigenorganisert, fysisk aktivitet skal ha fyrsteprioritet.

### 4.2 Ikkje rett til tilskot

Reine redskapsleikeplasser (sandkasser, husker, sklier, vipper, klatrehus osv.) fell utanfor ordninga. Personleg utstyr og forbruksmateriell (ballar, racketer osv.) er heller ikkje rett til tilskot.

### 4.3 Tilskotsbeløp og beløpsgrense

Det kan søkjast om tilskot på 50 % av godkjent kostnad. Maksimalt tilskot pr. anleggseining er kr. 300 000. Grunnlaget for tilskot er grensa oppad kr. 600 000. Nedre beløpsgrense for godkjent kostnadsråde er kr. 50 000 ( tilskot kr. 25 000).

### 4.4 Nærmiljøanlegg i kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet

Nærmiljøanlegg med kostandsråde over kr. 600 000 skal vera del av ein vedtatt kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet.

## 5. Handlingsplan for anlegg og område idrett og friluftsliv 2017 – 2020

Denne planen er vidareført til 2024 jamfør vedtak i kommunestyret

Anlegg	Inv.kost	Drift	Anleggstart – finansiering (i 1000 kr)				Status
			2017	2018	2019	2020	
<b>Ordinære</b>							
<b>Nybygg idrettshallen</b>	4500		K 4500				Pågår
<b>Rehabilitering av idr.banen</b>	500		K 500				-
<b>Miniatyrskyttebane</b>							Pågår
<b>** Turkart</b>	300		K 300				Fullført
<b>Toalettanlegg i Sima</b>			P SM K mva komp.				-
<b>Sentrumspan/aktivit</b>	500		K 300 SM 200				Pågår
<b>Kunstgrasbane</b>							-

\*\* Tiltaka er vidareført frå forrige plan og midlane er sett av på disposisjonsfond.

K = kommunale midlar, SM = spelemidlar, P= private midlar

### 5.1 Merknadar til handlingsplan 2017 - 2020

- Utviding av idrettshall med treningsrom og spinning rom.
- Hoppegrop og led-ljos rundt løpebanen
- Det er avsett midlar for oppgradering av kart (ut på tur i Eidfjord)  
Tiltaket er vidareført frå forrige plan og midlane er sett av på disposisjonsfond
- EIL ønskjer nytt toalettanlegg i Sima. Dei har fått løyve til bruk av grunn frå Statkraft og vil bygget vert finansiert gjennom egne midlar og spelemidlar
- Aktivitetsområde for ungdom/barn: Skate/rulleskøyte/BMX bane
- Eidfjord idrettslag ønskjer å gjera deler av grusbanen om til kunstgrasbane. Finansiering etter fordelingsnøkkel.



## 6. Handlingsplan for fysisk aktivitet 2017-2020 og 2019-2022

Anlegg	Estimert kostnad	Status
Motorcross sommar/vinter (snøskuter)		-
Nytt skitrek/bmx/sykkeløype i Kombinasjon - Maurset		-
Aktivitetspark v/Lægreid skule	SM350 Fau/Lægreid skule 200 EIL 150	Ferdig
Ballbinge v/tidligere Hereid barnehage	300	Utgår
Renovering av ballbinge v/Lægreid skule		Ferdig
Dagsturhytte	1000	Under arbeid
Kunstgras v/ idrettsanlegget		-
Løpedekke rundt grasbana		-
Lysanlegg rundt grasbana		-
Langrennsarena på Høl		-
Friplassen		-
Lyssetting av tursti		-

### 6.1 Langsiktige behov for idrettsanlegg og friluftsområder 2019 - 2022

Lista er basert på «Nye innspel til Handlingsplan for 2019-2022» KST 2019.

Tiltak	Ansvarleg	Kost.	År	Status
Trening for eldre i idrettshallen	Frivillige/ Kommunen (fysioterapi)/idrettslaget		2017 2020	Pågår
Trening i styrkerommet for ungdom	Kommunen/idrettslaget		2016 2020	Pågår
Inngå partnerskaps-Avtale med Frivillige org	Kommunen		2017 2020	Utgår
Gå grupper for alle dagtid/kveld	Frivillige		2017 2020	Pågår
Merka turløyper			2019 2022	-
Arrangera stølsturar	Frivillige		2019 2022	-

## 7 Resultatvurdering av førre handlingsplan

### 7.1 Handlingsplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv 2017 – 2020

#### 7.1.1 Nybygg idrettshall

Det vart løyvd midlar til forprosjekt i budsjettet for 2021, dette arbeidet er no i sving og førebels skisse til påbygg er på plass. Det vert arbeida vidare med kakyle og ferdige teikingar.

#### 7.1.2 Rehabilitering av idrettsbanen

Dette prosjektet har fylgt med planen gjennom fleire rulleringar utan at det har vore tatt initiativ til å setje i gang prosjektet. Noko av årsaka kan vera at interessa ikkje har vore til stades. Ungdomsrådet spela dette inn att i rullering 2021.

#### 7.1.3 Miniatyrskyttebane

Gjennom rullering av kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv kom det innspel frå politikarar om ein miniatyrskyttebane. Eidfjord formannskap har i april 2021 innvilga eit tilskot til Eidfjord Skyttarlag til kjøp av lokale for miniatyrskyting. Eidfjord Skyttarlag har også fått tilskot frå Sparebank Hardanger til utstyr og vil nytta egne dugnadstimar for å få dette på plass.

#### 7.1.4 Turkart «Ut på tur i Eidfjord»

Det vart sett av midlar til trykking av Turkart «Ut på tur i Eidfjord». Nytt kart var ferdig i 2020.

#### 7.1.5 Toalettanlegg i Simadal

Prosjektet er knytt til fotballcuppen sin aktivitet i Sima der dei har trong for toalett til sine spelarar. Det er òg trong for toalett fasilitetar etter at Statkraft la ned visning senteret. Det er ingen toalett fasilitetar knytt til gjester, besøkande og turistar i Sima. Det er ingen som har tatt initiativ til dette. Storleiken på småbanecupen i framtida er usikker, behovet kan difor endra seg.

#### 7.1.6 Sentrumsplan/aktivitet

Området mellom gamle Lægreid skule og ungdomshuset vart tenkt aktiviteter til ungdom/barn med **skate/pumptrack/BMX- bane**. Ungdomsrådet og representant frå kommunestyret spela inn att bmx/skate/pumptrack bane i rullering 2021.

#### 7.1.7 Kunstgrasbane

Det har vore diskutert kunstgrasbane på halve grusbana. Dette er utfordrande då grusbana vert brukt til parkering ved større arrangement.

### 7.2 Handlingsplan for fysisk aktivitet 2017-2020 og 2019-2022

#### 7.2.1 Trening for eldre i styrkerommet

Det har vore gjennomført styrketreningskurs for 50+ og 65+ i styrkerommet. Det vart ein naturleg pause under korona pandemien, men treninga er no i gang att.

#### 7.2.2 Trening for ungdom i styrkerommet

Det har vore gjennomført kurs for ungdom under 18 år som kvalifiserer til å få tilgang til styrkerommet etter fylte 16 år . Det vert arrangert kvar vår og kvar haust, det vart ein naturleg pause under korona pandemien, men treninga er no i gang att.

#### 7.2.3 Inngå partnerskap med frivillige organisasjonar

Det vart inngått parterskapsavtaler med dei som søker kulturmidlar. Oppgåvene som lag/org. tek på seg er sjølvvalt og samfunnsnyttig. Dette er vedteke fjerna/avslutta av kommunestyret då det ikkje hadde ønska effekt.

#### 7.2.4 Gågruppe for alle på dagtid/kveldstid

Ved oppstart vart det sett inn ressursar frå kommunen som organiserte gåtur i nærområdet. Gåturen vart avslutta med ein sosial samling. Seinare er det frivillige som organiserer og gjennomfører denne aktiviteten.

#### 7.2.5 Merka turløyper

EIL ynskjer fleire merka turløyper i nærområdet, det er ikkje tatt initiativ til denne aktiviteten.

#### 7.2.5 Arrangere stølsturar

EIL ynskjer at det vert arrangert stølsturar, dette er oppgåve som normalt vert utført av frivillige lag og organisasjonar

### 7.3 Langsiktige behov for idrettsanlegg og friluftsområder 2019 - 2022

#### 7.3.1 Motorcross sommar/vinter

Ingen har tatt initiativ til denne aktiviteten, ungdomsrådet spelte dette inn att i 2021.

7.3.2 Nytt skitrek/bmx/sykkelløype i kombinasjon på Maurset  
Ingen har tatt initiativ til denne aktiviteten.

#### 7.3.3 Aktivitetspark

Aktivitetsparken ved Lægreid skule er gjennomført og finansiert

#### 7.3.4 Ballbinge v, tidlegare Hereid barnehage

Ballbinge v/ tidligare Hereid barnehage er ikkje tilrådd etter gjennomført støykartlegging av området

#### 7.3.5 Renovering av ballbinge v. Lægreid skule

Renovering av ballbinge v/ Lægreid skule er ferdigstillt og finansiert

#### 7.3.6 Dagsturhytte

Fylkeskommunen gir tilbod i 2019 om å søkja midlar til dagsturhytte i Hordaland. Eigenandel frå kommunane er kr. 367.000 fordelt slik:

- Kr. 67.000 – dugnad/eigen kommunal innsats knytt til grunnarbeid
  - Kr. 200.000 – mva.-kompensasjon
  - Kr. 100.000 – om lag den faktiske kostnaden etter mva.-kompensasjon
- Ein kan søkja Fylkeskommunen om kr. 200 000 og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane gir ei gåve på kr. 100 000.- og så kan ein søkja spelemidlar på inntil 1/3 spelmidlar av totalkostanden. Maksimal pris på dagsturhytta er sett til kr. 1 000 000.

Kriteriar knytt til plassering er:

- Hytta bør plasserast sentrumsnært, nær skule e.l. og med mogleg tilkomst via kollektivtilbod. Det bør vere maks 15 min. køyring frå sentrum.

Dagsturhytta er føreslått plassert på Varbergshaugen, grunna raskartlegging er bygging av dagsturhytta utsett til 2022.

#### 7.3.7 Kunstgrasbane

EIL spela inn kunstgrasbane utan føringar for plassering, det er ikkje kome meir initiativ til dette

#### 7.3.8 Løpedekke rundt grasbane

Dette er ei pressisering av «rehabilitering av grasbane» frå tidligare. Det er ikkje tatt initiativ til dette arbeidet.

#### 7.3.9 Lysanlegg ved grasbane

Det er utfordringar knytt til korte sesongar p.g.a. manglande lys rundt grasbana. Innspelet er ei presisering av rehabilitering av grasbane frå tidligare. Ungdomsrådet spela dette inn att i rullering 2021.

#### 7.3.10 Langrennsarena på Høl

Det er ikkje tatt initiativ til dette arbeidet

#### 7.3.11 Friplassen

Om friplassen «Grunnmodulen er en 40 x 60 meters rundbane for friidrett med både 60 og 200 meters løpebane. Andre standardelement er høydematte med stativ, grop med satsplanke for lengde og tresteg, tilløp for spydkast, ring for kulestøt og sitteamfi i trykkimpregnert tre innenfor løpebanen. I tillegg medfølger flettverksgjerde med kjøreport og to sluser rundt banen». Det er ikkje tatt vidare initiativ til dette arbeidet.

## 8. Nye innspel til Handlingsplan for idrett og friluftsliv 2021 – 2024

<b>Anlegg</b>	<b>Inv.kostander</b>	<b>Drift</b>	<b>Anleggstart finansiering</b>
Utbetring sandvolleyballbane			
Skogsløype			

### 8.1 Merknadar til nye innspel til handlingsplan 2021 – 2024

Eidfjord ungdomsråd spela inn fylgjande nye tiltak i handlingsplanen:

- Utbetring sandvolleyballbane i Ostangen. Sanden på banen oppfyller ikkje krav til sandvolleyballbane
- Skogsløype

Innspel som allereie står i planen er ikkje lista opp under punkt 8.1

## 9. Nye innspel til handlingsplan for fysisk aktivitet 2021 – 2024

Ingen nye innspel